

Reguleringsplan for Omdal steinbrot

Reguleringsføresegner Detaljregulering

PlanID 20200002

1 Siktemålet med planen

Reguleringsplanen skal heimle søknad om driftskonsesjon for uttak av skiferstein i planområdet. Planen set ramane for driftsplanen i konsesjonssøknaden.

2 Fellesføresegner for heile planområdet (§12-7 nr. 12)

- a) Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Vestfold og Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Kulturminnestyresmakta avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).
- b) I samband med utarbeiding av driftsplan skal det utgreiast tiltak og prosjekterast sedimentasjonsdam som hindrar forureining/ avrenning frå anlegget. Sedimentasjonsbassenget må planleggast og driftast slik at utsleppa ikkje overskrid 25 mg/l suspendert stoff og hindrar nedslamming. Planen for sedimentasjonsdam skal leggast ved framlegget til driftsplan. Reinsetiltak (t.d. sedimentasjonsbasseng) må dokumenterast gjennom ein detaljert plan for reinsing og fordrøying av overflatevatn, som viser reinseprinsipp, dimensjonering, arealbehov og reinseeffekt. I tillegg må tiltak mot akutt forureining bli nærare greidd ut. Arbeidet må gjerast av sakkunnig.

3 Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Steinbrot og masseuttak (felt BSM)

- a) I dette området kan det brytast stein og takast ut masser, samt setjast i verk lagring og tilverking av produkt med grunnlag i desse materiala.
- b) Kvalitetskrav for drift av tiltaket:
 - i. Maksimalt årleg uttak av steinmassar skal ikkje overstige 10.000 m³. Kommersielt utnyttbart materiale skal berre vere skiferstein. Det er høve til å nytte knust vrakmateriale for opparbeiding av driftsareal.
 - ii. Det skal ikkje køyrast ut stein/massar i teleløysinga. Ein skal i størst mogeleg grad nytte utkøyring mot E134.
 - iii. Drift skal berre vere tillete i tidsromet 0700-1900 på kvardagar. Dette inkluderer alt produksjonsarbeid, samt utkøyring. Pigging av stein kan berre føregå innafor 0800 – 1600 på kvardagar.

- iv. Uttaket skal leggjast som terrassar i terrenget, med maksimal pallhøgde på 10 m.
 - v. Avdekningsmasse vert teke vare på for seinare avslutning. Det skal skiljast mellom vekstjordlag med plantedelar i og morenejord, der denne føreligg. Vekstjordlag skal lagrast i låge rankar på nedsida av uttaksstaden, slik at dei dannar ein vegetasjonsdekt voll mot innsyn i driftsområde.
 - vi. Drift skal ikkje føre til forureining av grunnen. Overflatevatn skal handsamast slik at finstoff ikkje vert ført ut i tilstøytande naturterreng eller vassdrag, til dømes gjennom sedimenteringsbasseng.
 - vii. Eksisterande vassdrag og korridorar for overflateavrenning skal ikkje flyttast ved drift. Vassdrag nedstraums uttaksområdet skal oppretthalde si vassføring og ein skal hindre tilføring av finstoff/forureining.
 - viii. Drifta ikkje skal overskride støykrav og grenseverdiar i forureiningsforskrifta og T-1442 gjeldande for aktivitet med impulslyd på 50 dB.
- c) Kvalitetskrav ved avslutning av tiltaket:
- i. Området skal etter ferdig uttak setjast i stand slik at skog kan etablerast på nytt ved planting og ved naturleg frøformering av stadeigen vegetasjon.
 - ii. Stadeigen masse frå opning av drift skal brukast til istandsetjing.
 - iii. Avslutning skal skje stegvis, der ferdig produsert areal setjast i stand i det ein opnar neste produksjonsareal
 - iv. Ferdsel gjennom område må vere sikker
 - v. Driftsvegar for framtidig tømmeruttak skal liggje att i avslutta område, med tilfredsstillande standardklasse

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.3 Køyreveg (felt SKV)

- a) Føremålet skal utformast med standard skogsbilveg klasse III

3.4 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindriftsmål (§ 12-5 nr. 5)

3.4.1 Landbruksføremål (felt LL)

- a) Sikringstiltak under og etter drift av masseuttaket er det høve til å etablere innanfor føremålet.

4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Faresoner (§ 11-8 a) (sone H370)

- a) Det er ikkje tillate å oppføre bygningar innanfor omsynssonen. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innanfor omsynssonen skal på førehand avklarast med leidningseigar.
- b) Rystingsmålarar, som overvakar transmisjonsanlegget, må monterast.

5 Rekkefølgjeføresegner

- a) Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter lova.
- b) Før tiltak i BSM setjast i gang, skal det vere etablert eit reinsearrangement for finstoff i overflatevatn, t.d. sedimenteringsbasseng.

- c) Før drift av steinbrotet kan i gangsetjast, må det ligge føre eit godkjent prøvetakings-/overvakingsprogram for å dokumentere at dei avbøtande tiltaka taka fungerer og at avrenning/forureining frå planområdet til Tokkeåi, ikkje har negativ påverknad på naturreservatet og elva. Eit slikt måleprogram må utformast av sakkunnige. Resultata frå måleprogrammet må leggest inn i Vann-nett, og kommunen må varslast viss prøvene indikerer uakseptabel avrenning/ forureining frå planområdet. Måleprogrammet må setjast i verk før oppstart av anleggsarbeidet.